

O L A V S A N D S T A D

D A G B O K

i
tiden 27.4.-43 til 12.1.-44

104083

Tysdag 27.april:

Da eg reiste heimant igått kveld, var mor Jakob, Anna og Marie med til Svarvakrossen. Derifrå sat eg på lastebilen til Ole Brun til Steinkjer ilag med Ole Sivert og Leif Welde. Kl. 12 inatt reiste vi med toget sørøtter og kom til Trondheim kl. 7. Åt middag i Trondheim og reiste så vidare med tog sørøtter.

Onsdag 28.

Vi kom til Oslo kl. 7. Eg ringde og snakka med Svennings. Trefte Ingjerd Schönfelder og så gjekk Ole Sivert og eg til kontoret for Ns Bondegrupper der vi snakka med Harstad. Etter å ha ete middag på Viktoria, reiste vi med toget til Holmestrand. Flutta inn på nr. 6.

Torsdag 29.

Vi hadde litt eksis før middag. Eg skreiv heim, Om kvelden var vi på kino og såg filmen "Rotschild".

Fredag 30.

Hadde litt eksis. Eg skreiv til Kari Sprauten.

Laurdag 1.mai.

Arbeidets dag og full fridag. Vi kasta skotthyll. Leif Welde og eg gjekk ein tur ikring Holmestrand. Det var solskin og finver. Eg skreiv fødselsdagsbrev til moster.

Sundag 2.

Hadde litt eksis. Var på kino på kvelden.

Måndag 3.

Vi fikk utlevert Kraggeværar og tok til med geværekxis. Var på kino

Tysdag 4.

Hadde geværekxis. eg sende ei pakke med drops og sardiner av forpleininga heim.

Onsdag 5.

Vi fekk "Marsjerpflægung" for 5 dagar. Om kvelden var det avslutning kameratkveld på kantina med underholdningsprogram både av rekrutane og av skodeplelarar og danserinner frå Oslo. Så var det taler av fleire mellom andre Risnæs og Lindvi-g.

Torsdag 6.

Om morgonen reiste vi med tog frå Holmestrand. På Vestbanen i Oslo stilte vi opp og marsjerte opp på slottsplassen med eit musikk-kor av Waffen SS i spissen. Det var tale av føraren og derefter defilering. Før marsjen vart vi dekorert med blommar av hirdjenter. Så vart vi innkvartert i ei kaserne i Nedre Slottsgate. Eg trefte Ålberg og Ertsås. Skreiv heim og sende rasjoneringskort og pengar. Fekk brev heimant. Om kvelden hadde vi perm. Var i Kinopaleet og såg filmen "Der er en der borte".

-2-

Fredag 7.

Hadde eksis før middag Etter middag ~~xikja~~ perm.Eg vitja Sven nings
Om kvelden var eg på "Viktoria" saman med SS kameratar,men det var
ikkje noko morro,for dei dreiv mest med drikking.Lagføraren vart
så full at eg måtte leia han heim.

Laurdag 8.

Vi hadde eksis før middag og perm etter.Eg var ein tur i Slotts-
parken og så på "Saga" ilag med Iver Tore Svenning der vi såg film
en "Nattekspresen".

Sundag 9

Etter middag var vi med på ein oppmarsj ilag med noko over 300
norske legionærer som kom heim frå Austfrontenigår.Det var opp-
marsj på Slottsplassen med tale av føraren og så defilering på
Universitetsplassen.Eg snakka litt med Erling Stamnes som kom heim
frå Legionen no.Om kvelden var eg på Nasjonalteateret ilag med
Iver Tore og såg lystspillet "Petter,Petter".

Måndag 10.

Eg fekk brev med foto frå Kari Sprauten.Skreiv til henne og heim.
Etter frukost hadde vi litt fri,og eg drog til Elisenbergveien 6
der eg vitja onkel Jacob og tante Rachel.Dei var svært hyggelege.
Etter middag var eg vitja av Casander og Iver Tore Svenning.Dei
kom for å ta avskil.Så marsjerte SS kompaniet til kaia og gjekk
ombord i 14 000 tonneren "Monte Rosa" av Hamburg.

Tysdag 11.

Medan ~~må~~ sov inatt,la "Monte Rosa" frå kaia i Oslo med kurs sør-
etter.Men etter nokre timars fart stogga vi og låg heile dagen for
anker utom Horten.D et var fint ver.

Onsd ag 12.

Idag er Birger 20 år.-I natt letta vi anker og drog ut Oslofjorden
med følge av "Petter Wessel" to minesveiperar og eit fly.Det var
berre hav å sjå heile dagen.

Torsdag 13.

Kl.11 kom vi til Århus etter ein fin fart.Så reiste vi vidare med
tog gjennom heile Jylland om Horsens og Fredericia.På siste plasse
hadde vi nokre timars opphald.Eg snakka litt med ein danske som
dreiv og satte potet.I Danmark var det full sommar.

Fredag 14.

Om morgonen kom vi til grensebyen Flensburg i Tyskland.Der skifta
vi tog og reiste vidare gjennom Nord-Tyskland.Det var flyangrep
av engelsk-amerikanske fly om dagen.Det vart skote ned eit par fly
i nerleiken av oss ved Keiserkanalen.Vi såg 6 flygarar som hoppa
ut i fallskjerm.

Laurdag 15.

Vi reiste vidare med tog gjennom Wittenberge,Erfurt og Frankfurt
am Main.I den siste byen hadde vi eit lite opphald og vi fekk ut-
delt forpleining der.

- Sundag 16. Vi reiste om Müllhausen og kom til Sennheim. Der marsjerte vi til militærleiren, og reisa vår, som hadde vara omlag ei veke, er no slutt. I Sennheim treffe vi karane i politikompaniet, mellom andre Erling Welde.
- Måndag 17. Eg skreiv heim og til Kari Sprauten. Om kvelden hadde vi ei festle tilstelling i høve 17. mai og tiårsdagen for N.S. Der var tale av I Lindvig og Martens.
- Tysdag 18. Vi tok til med tenesta her. Før middag hadde vi sport og etter middag eksis. Vi vart vaksinerte mot koppar. Eg sende brevkort heim og til Kari.
- Onsdag 19. Vi vart vaksinerte og grundig lægeundersøkte. Hadde eksis og fekk dusj.
- Torsdag 20. Alle var hos frisør og vart klippt. Etter middag hadde kompaniet utmarsj. Eg var saman med nokre andre kommandert til å vaska golv, gangar og trapper og var ikkje med på utmarsjen.
- Freitag 21. Vi hadde sport der det vart uttatt lag til fotball, "Raufball" og "Balkentransport". Ellers hadde vi eksis og song. Om kvelden var vi på kino.
- Laurdag 22. Før middag var det "Sportwettkämpfe" mellom dei ymse kompania her i fotball, Raufball og bjelketransport. Om kvelden var vi på forestilling arrangert av "Kraft durch Freude". Det har vore sol, skin og steikande varmt kvar dag, men idag kom det nokre friske regnskurar. Det kom 5 frivillige ~~xxxxxx~~ svenske estlendingar på stova vår.
- Sundag 23. Vi hadde sang og lesetime. Elles var vi fri heile dagen. Eg skreiv brev til Jakob, John og Helga Biesenthal. Vi spela wisth.
- Måndag 24. Eg var med og planta tomat på friland. Om kvelden var det underhaldning av ein norsk tropp med folkeviseleik.
- Tysdag 25. Det regna heile dagen så vi hadde ikke eksis. Vi hadde undervisning i rase- og arvelære.
- Onsdag 26. Vi hadde arbeidsteneste heile dagen og dreiv med planting av tomat på friland. Rad og planteavstand 50 cm. med 2 m. mellom kvar dobbelrad. Eg såg for første gong koloradobilla.
- Torsdag 27. Det kom ca. 40^{nye} norske frivillige hit, mellom dei Jarle Saurset. Vi dreiv med trening i løp og hopp.

Fredag 28.

Før middag hadde vi eksis. Etter middag reiste ca 70 stk. av kompaniet til Mühlhausen for å avlegga symjeprove for "Reichssportabzeichen". Kravet er at en skal symja 300 m. på 9 minutt. Basenget vi symde i var berre 25 m. langt, så vi måtte symje over 12 ganger, og det vart mykje snuing. Eg symde 300 m. på 7.30. Om kvelden var vi på kino og såg "Quax, alle tiders flygar".

Laurdag 29.

Det var sportskonkuransar. Kompaniet vårt vart likast i kule, spyd, diskos og høydesprang. Ellers var det lengdesprang, 200 m. og 800 m. løp. Om kvelden hadde vi utgangspervisjon for første gong her i leiren. Vi var ein tur nede i Sennheim.

Sundag 30.

Skallerud, som ligg i stua vår, fikk difteri, og vi måtte halde oss på stua. Eg fekk brev frå mor til Helga Biensenthal med bilete av Helga. Eg skreiv heim, til Iver Tore Dvenning og Kari Sprauten. Vi hadde eit kameratsleg samvær ute i det fri med musikk, song og anna.

Måndag 31.

Eg fekk brev heimant, frå moster og kari. Vi hadde arbeidsteneste.

Tysdag 1. juni.

Vi hadde ideologisk undervisning på brakka med foredrag av Alf Johannessen og små innlegg av dei ymse SS mennene. Vi vart vaksinerte og hadde litt eksis.

Onsdag 2.

Vi hadde arbeidsteneste og dreiv og køyrde jord på trillebårar. Eg skreiv ein beretning av Estlandsvensken Anders Hammermann til "Fellesavisa".

Torsdag 3.

Skramstad reiste til Oslo, og eg skreiv brev heim og sende med ham. Etter Skallerud fekk difteri sist sundag, har stua vår vore i karantene. Vi har ikkje teke del i undervisninga, og maten har vorte henta for oss. I kveld gjekk fristen for karantene ut. Det er ingen fleir her på stova som har vorte ~~skj~~ sjuke, men Ole Sivert Welde har fått difteri.

Fredag 4.

Idag er det den 24. brudlaupsdagen til far og mor. Vi hadde eksis og sport der vi trena i hinderløp og 1800 m. løp. Etter middag reiste ca. 40 stk til Mühlhausen der vi tok prøva for Reichsportabzeichen i symjing. Eg var med denne gongen for morro skuld og symde 300 m. på 7.30 min. Om kvelden trena vi i hopping, kulestøt og diskos.

Laurdag 5.

Reichsführer SS Himmler vitja leiren her. Han var tilstades under sportstevlingane mellom dei ymse kompania her. Det var 1500 m. løp 100 m. løp, "Laufen, krichen, glöten", stafetthinderløp og Schansensprung. Eg var med på 1500 m. Ved middagen satt eg ved same bordet som Reichsführer. Han hadde samla ikring seg vinnarane av sports-

tevlingane sist laurdag som nesten alle var nordmenn frå vårt kompani. Likeeins tilkalla han Lindvig, som han satt og prata med ved bordet. Det var ein heider for kompaniet vårt. -Om kvelden hadde vi utgang og tok ein tur til ymse "Dorf" her ikring.

Sundag 6.

Eg skreiv til Helga Biesenthal og Kari. Vi spella wisth og idiote

Måndag 7.

Vi hadde eksis, song, undervisning og skoapell.

Tysdag 8.

Det vart arrangsjert ein høgtideleg tilstelling der vi avla eid til der FÜhrer Adolf Hitler. Etter middag hadde vi utmarsj til Hartmannsweilerkopf. Det foregjeikk dei hardaste kampene mellom tyskarar og franskmenn under verdenskrigen. Vi såg soldatgravstaden, krigsstillingane med skyttargraver, bunkers og mykje anna. Det var svært interessant.

Onsdag 9.

Vi avla prøvar i sprang, løp og kast for Reichsportabzeichen. Eg greidde berre kastet.

Torsdag 10.

Vi sprang 10 000 m. Eg sprang på 44 minutt. Fordringen var på 50m. Eg skreiv heim. Om kvelden hadde vi ein kameratkveld i Sennheim. Eg var med og varta opp. Det var musikk song og skåtsjar. Dei fleste gutane drakk for mykje vin, så dei vart snyta fulle, og det var eit tragikomisk opptog da vi marsjerte attende til leiren om natta.

Fredag 11.

Vi reiste med tog frå Sennheim om morgonen med kurs for Klagenfurt. Det var ein skuffelse for meg, for eg hadde gledt meg til å treffa John i Grafenwöhr. Vi paserte Strassbourg og Stuttgart.

Laurdag 12.

Vi reiste vidare til Ulm. Men der endra vi kurs og reiste nordetter. Utpå natta kom vi til Nürnberg, og vi fekk høyra at vi skulle til Grafenwöhr lell.

Sundag 13.

Utpå dagen kom vi til Grafenwöhr, der vi vart innkvartert i ein stall. Om kvelden hadde vi utgang i byen der vi fekk oss noko til livs. Vi køyrde med karusell på eit gjøgleri. Den norske leiren li ca. 3 mil herifrå.

Måndag 14.

Etter middag vart vi stabla inn i nokre lastebilar og køyrde til leiren til Pansergrenaderregiment Norge. Der fekk eg eit trist bud. John hadde reist til Graz for ei veke sid. Eg trfte Erling Welde og Ivar Tofte.

Tysdag 15. juni

Kompaniet vårt vart oppsett på nytt og oppstilf for regiment-sjefen. Han gjorde vedtak om at dei som ikkje tilhørde Germanske SS eller Vaktbataljonen ikkje skulle vera i kompaniet vårt. Eg fekk brev heimant og frå Kari. Trefte Helge Tangen her.

Onsdag.

Vi hadde litt eksis. Flytta over i andre brakker. Eg kom i brakke 22 rom 7. Vi er 16 mann på rommet. Hadde vask og reingjering i brakke. Om kvelden spela vi kyring. Eg skreiv heim.

Torsdag 17.

Vi dreiv med kamuflasjeøvingar. Eg skreiv til John.

Fredag. 18.

Vi øvde framrykking i lende med åling, kryping og sprangvis framrykking. Om kvelden hadde vi apell på alle utleverte saker.

Laurdag. 19.

Før middag hadde vi utmarsj til den største dryppsteinshola i Tyskland "Maximilains Grøtte". Vi gjekk eit stykke inn i hola, der det var veldige hallar og eit utal av gangar inn i fjellet. Tilbake gjekk vi i ilmarsj og springmarsj. Om kvelden var det ei tilstelling der leidaren for Frontkjemperkontoret heldt eit foredrag. Så vart det lodda ut ein heil del saker. Armbandsur, fyllepennar, konjakk, tobakk og pakkar frå Norge. Så fekk vi utdelt ei gåve frå Reichskommisar Terboven. Det var vin sigarar, tobakk, sigarettar, marsipan, sjokolade og såpe. Eg skreiv heim og til Kari. Brev vart sende med den fungerande leidaren for Germanske SS Norge som var her ein tur.

Sundag 20.

Det vart utdelt ein heil del lesestoff som vi førdreiv tida med. Spelte kort. Om kvelden gjekk eg ein tur ilag med Kullblikk ned til Auerbach og vi bada i eit lite vatn. Det var herlegt. Det er første gangen eg har bada ute i år.

Måndag 21.

Vi hadde øving i mål oppgjeving, avstandsdøming og observering.

Tys dag 22

Vi hadde øving i valg av geværstilling og utnytting av lendet.

Onsdag 23.

Vi fikk kantinevarer. Det var tobakk, sigaretter, sigarar o. a. Om kvelden hadde vi ein sammenkomst for å feira Sankt Hans kvelden. Det var musikk, song og ymse slag underhaldning.

Torsdag 24.

Eg fekk brev frå Jakob. Om kvelden hørde vi overføring av ein radiosending for frontkjemparar frå Oslo. Ved ein tilfældighet var eg ilagt stueteneste ut veka og gangteneste i 14 dager. Frå kl. 23 til 1. hadde vi nattøving.

Fredag 25.

Vi hadde vanleg teneste.

Laurdag 26.

Vi hadde ein 20 km. utmarsj til Königstein.

Sundag 27.

Vi hadde litt sport. Etter middag var eg ute i skogen ein tur ilag med Rantzen. Vi bada i eit tjern og plukka markjordber og blåber.

-1-
-7-

Måndag 28. juni

Vi hadde arbeidsteneste og tok til å grava løpebane. Hadde undervisning i maskinpistol. Fekk kantinekort som vi fekk kjøpa ymse rasjonerte varer på. Eg kjøpte ansjos, skrivepapir, tran, smøreske og 100 sigarettar.

Tysdag 29.

Vi heldt fram med å grava løpebane, Eg skreiv heim og til Kari.

Omsdag 30.

Vi hadde arbeidsteneste.

Torsdag 1. juli

Det var bataljonsoppstilling der dei norske kompania vart delte for å utfyllast med tyskarar. Eg vart lukkelegvis framleis i 1. kompani saman med alle dei som høyrer til Germanske SS Norge, og med Lindvig som sjef. Eg bytta bort 7 eskar sigarettar i ei fyll penn hos ein danske. Fekk brev heimant. Om kvelden kom det ein heil del folketysk~~xxxx~~ e rumenarar til kompaniet vårt, og vi fekk 8 stk. på stova vår.

Fredag 2.

Om kvelden var eg på kino. Eg fekk brev frå John som er på Unterführerlehgang i Graz og brev heimant der dei skreiv at Jon Ostad er faldt på austfronten. Håkon Meldal og Guri Ulstad har mel seg inn i N.S. Far har halde eit par foredrag i radio om Kina, og han skal halde fleire. For kurset "Pedagogisk psykologi" var kom vitnemål med karakter 2.

Laurdag 3.

Vi hadde song. Eg skreiv heim og til John og Håkon Meldal.

Sundag 4.

Hadde song og sport. Eg skreiv til Petter Vennes og Per Sprauten. Var i skogen og plukka kokekaret fullt med blåber. Bada i eit lite vatn.

Måndag-onsd.

Vi tok til heilt frå grunnen av med eksisen att avdi folketyskane i kompaniet vårt ikkje har hatt eksis.

Torsdag 8.

Far skulle halda radioandakt idag, og eg var inne hos kompanisjefen for å høyra, men diverre fekk eg ikkje tak i utsendinga frå Oslo i radioen. Vi fikk sigarettar, sigarar og tobak.

Fredag 9.

Vi dreiv med eksis og lendeøvingar. Eg fekk brev heimant.

Laurdag 10.

Vi hadde ein liten utmarsj på 10 km. Om kvelden skreiv eg brev heim og til Kari og Helga Riesenthal.

Sundag 11.

Det regna, så vi heldt oss inne på stova der vi spela sjakk, dam og mil ?. Eg skreiv til moster og Leif Aadde.

- Måndag 12. Eg fekk brev heimant der eg fekk høyra at Håkon Meldal var reist til regiment Norge.
- Tysdag 13. Vi hadde sikteøvingar og kast med øvingsgranat.
- Onsdag 14. Om kvelden hadde kompaniet vårt ein kameratkveld i skogen. Der va song, musikk og anna.
- Torsdag 15. Eg fekk brev med det triste budskapet at den tyske venninda mi, Helga Biesenthal døydde den 20 juni, 19 år gamal. Kompaniet vårt henta våpen. Geværar, maskinpistolar, maskingevær og granatkastarar. Vi hadde geværpuss.
- Fredag 16. Eg skreiv eit kondolansebrev til Herr og Frau Biesenthal. Det kom 10 radioar til kompaniet vårt. Dei vart fordelte på stovene. Linvig tok avskil for å reise på ein 6 vekers "Führerlehrgang".
- Laurdag 17. juli. Vi hadde ein 15. km utmarsj. Eg skreiv heim og til Helge Sem.
- Sundag 18. Vi hadde sport og song. Fekk utlevert gevær. Eg sende ei pakke som innheldt 70 sigarettar, 5 sigarar og ein pakke røyketobak til Trygve Stene. Både pakken og brevet heim sende eg med legionær Haukvik som skulle heim på perm. Eg skreiv til Ottar Dahl. Bada i eit lite vatn.
- Måndag 19. Vi tok til med geværeksis og angrepsøvingar med gevær. Om kvelden geværpuss. Det kjem vi vel til å få nok av herefter. Fekk brev heimant kort fra Kreisjugendwartin Ridi Pinner og brev frå Kari. Fekk i retur eit brev eg skreiv til John 3/7.
- Tysdag - fredag. Vi hadde geværeksis og lendeøvingar. Tok til med undervisning i MG 42. Hadde geværpuss kvar kveld.
- Laurdag 24. Vi hadde 20 km. utmarsj med gevær og hjelm. Fekk utdelt kantinevarer. Eg skreiv til John.
- Sundag 25. Vi hadde sport og song. Nokre gutar fekk 2 timar hard straffeeksis av di dei hadde skofta tenesta. Eg bada etter middag. Fekk to brev frå Kari og eitt frå Øystein Vesterhus. Skreiv heim og til Kari og sende kort til Kreisjugendwartin Ridi Pinner. Vi hørde i radio at Trondheim er bomba av engelske fly. Mussolini trekte seg attende som førar for Italia.
- Måndag 26. Vi hadde øving i lagvis framrykking. Eg skreiv til Øystein Vesterhus. I Middagen flytta eg frå stove 7 til stove 2 der mellom andr Ole Sivert og Leif Welde er.

-5-
-9-

Tysdag 27 juli

Hadde åtaksovingar. Det har vore svært varmt nokre dagar, så svetten silar under stålhjelen under øvingane. Etter middag marsjert kompaniet til badeanstalten og bada. Frå kl. 21.30 til 23.30 hadde vi nattutdanning.

Onsdag-fredag

Vi dreiv med åtaksovingar, handgranatkast og eksis i steikande solskinn.

Laurdag 31.

Hadde litt eksis og "Revierreiningen". Eg fekk bilvakt. Gjekk frå 13.00 til 15. og 19 til 21. Skreiv heim.

Sundag 1. aug.

Gjekk vakt frå 1 til 3 og 7 til 9. Skreiv brev til Kari og sende det med Glosli som skulle reisa heim. Wathne, Berntsen og eg gjekk ein tur i skogen, der vi plukka blåbær og tytteber og bada.

Måndag 2.

Eg fekk brev heimant og frå Kreisjugendleiterinn Ridi Pinner. I brevet heimant var innlagt brev frå Obersturmführer Berg med tilbud om å overta undervisningen i "Weltanschauung" ved SS-skolen på Kongsvinger.

Tysdag 3.

Eg skreiv til Oberstf. Berg og sa at eg helst ville gjera plikta mi som frontkjempar. Fekk brev frå Kari. Om kvelden hadde vi gevær apell med påfyljande straffeksis for dei som fall igjennom, over halve kompaniet. Eg slapp fri.

Onsdag 4.

Eg vart utteke til S:M.G.Schütze i "Schwere Zug". Eg flutta til stove 7 att.

Torsdag 5.

Vi tok til med spesialutdanninga med "Schweres Maschinengewehr". I natt kom ein del nordmann hit frå Sennheim. Mellom dei var Håkon Meldal som eg snakka litt med.

Fredag 6.

Omlag 2/3 av gutane i kompaniet reiste ut på ~~land~~ gardane for å vera med på 10 dagars "Ernteeinsatz." Vi som er utteke til "Schwere Zug." held fram med utdanninga.

~~KXXXXX~~ 7.

Sundag 8.

Småregn. Vi hadde sport og song. Fekk brev heimant. Skreiv til Kari og Ridi Pinner. Om kvelden var eg på kameratskapsrommet og les "Over Balkans syv blåner" av Jonas Lie.

Laurdag 7.

Fekk brev frå John. Eg skreiv heim og til John. Det regna litt og var litt kjøligare i veret.

Måndag 9.

Vi dreiv med anslagsovingar.

Tysdag 10.

Vi stelte opp M.G. og lavett ymse anslag. Kalvø og eg greidde liggande på 30 sekund.

Onsdag 11.

... 15. til 2.45. Rientlege bombefly

- aug. gjorde åtak på Nürnberg, og vi så blinka av Flak og lysbomber og hørde smellane.
- Torsdag 12. Vi hadde lendeøving med SMG.
- Freitag 13. Hadde sikteøvingar og løpveksel. Vi står opp kl. 4.30 kvar morgon og har teneste til kl. 20. Tappenstrek kl. 21. Det er jo temmeleg lang teneste, men så har vi fri frå 11. til 14. i middagen.
- Laurdag 14. Før middag hadde vi lendeøving. Eg sreiv heim. På kantinekortet kjøpte eg sjokolade, sardinar, tran og konvoluttar. Politikkompaniet reiste til Finnland. Erling Welde var med der.
- Sundag 15. Fekk brev heimant og frå Kari. Skreiv til Kari og heim. Vi tok nokre foto av dei som er på stova her. Eg les boka "Seder og skikar i Germania" av Facitus og tok til med "Det byrja ei jonsoknatt" av Gullvåg. Dei som har vore på "Ernteeinsatz" kom att.
- Måndag 16. Vi fekk utlevert "Tornister".
- Tysdag 17. Det var flyalarm to gonger. Om kvelden var det kameratkveld for dei norske. Først såg vi "Norsk ukerevy" frå riksmøtet i Oslo og Grieg-filmen. Den var svært fin. Etterpå gjekk vi til festsalen der vi fekk fiskekaker. Alle fekk ei eske sigarettar, ei pakke tobakk og ei sjokolade. Ellers var det hermetiske plommer og appelsinmarmelade. Det vart halde fleire taler, og vi song norske songar. ein triveleg kveld.
- Onsdag 18. Vi hadde lendeøving med SMG.
- Torsdag 19. Vi fekk utlevert teltutstyr og andre effekter. Vi dreiv med teltbygging etter middag. Om kvelden leverte 1. og 2. MG skyttar inn gevøra og fekk att MG. Rg vart uttatt til 2. skyttar og fekk pisto
- Freitag 20. Før middag hadde vi "Revierreinigen" og etter middag våpenpuss og apell med omapell om kvelden. Hadde litt undervisning i bruk av pistol. Eg skreiv til John. Omlag 150 av nordmennene her vart "entlassen" og reiste til Graz. Mellom dei var Helge Tangen og Sigurd Mytting.
- Lørdag 21. Før middag bada heile kompaniet. Etter middag dreiv vi og pakka sakene våre. Eg skreiv heim.
- Sundag 22. Vi dreiv med ymse slag arbeid med pakking og reingjering. Om kvelden gjekk eg og bada ilag med nokre kameratar.

Måndag 23. aug.

Før middag samla vi samen alle sakene våre og marsjerte frå leiren i Bernreuth og til stasjonen i Auerbach. Vi fekk utgang nokre timar, og eg gjekk omkring i byen og "organiserte" grovt og fint brød, kaker, eplar og tomater. Det meste fekk i bytte mot sigarettar. Kl. 19. reiste vi sørefter med toget frå Auerbach.

Tysdag 24.

Vi reiste i fint vær sørøtter gjennom flatlandet i Syd-Tyskland og passerte Regensburg og Landshut mens det var lyst.

Onsdag 25.

Vi reiste gjennom dei vakre dalane i Ostmark med høge, ville fjell på sidene. Natura og busetjinga minna mykje om Noreg. Igår vart ei gut i ei vogn framom oss skote ved uforsiktig handsaming av revolver og han døydde straks etter. Om kvelden fekk eg flyvakt.

Torsdag 26.

Passerte Graz. Det var litt underleg for meg å reise framom når eg visste at John er i Graz. Vi reiste over grensa til Kroatia og reiste gjennom Celje, Sagrab og Sisak. I Kroatia blir det enda dri ein omfattande bandekrig, og vi såg mange brende stasjonsbygningar og velta jernvegsvagnar. Om kvelden kom vi til Kostanica der vi vart innkvartert i brakkar.

Fredag 27.

Vi byrja dagen med eit bad i elva som ligg vel 100 m. frå brakka her. Eg bada to gonger til seinare på dagen. Her ikring er det store maisåkrar, og det blir dyrka mykje melonar. Eg smaka litt på begge delar. Vi hadde puss av militæreffektar.

Laurdag 28.

Vi hadde "fulltallighetsapell" på våpen og utrustning. Bada i elv. Vi bytte bort tobakk mot plommer i ein hage. Om kvelden fekk eg vakt utom brakka. Det blir sett ut nokså stor styrke til vakt kvett natt til sikring mot "partisanane" som driv geriljakrig.

Sundag 29.

Eg skreiv heim og til Kari. Etter middag var vi ein tur i byen her. Vi har ikkje lov å gå alleine ut, og vi må alltid ha pistol med oss. Eg har fått utlevert pistol som 2.MG skyttar. Vi såg på ein fotballkamp mellom eit norsk og eit tysk lag. Norge vann 7-3.

Måndag 30.

Vi tok til med lendeøvingar att. Eg fekk brev frå Per og Kari Sprauten. Bada 3 gonger. Det var kolosalt varmt vær.

Tysdag. 31.

Småregn. Hadde lendeøvingar. Lindvig kom att etter å ha vore borte frå kompaniet omlag 2 månader.

Onsdag 1. sept.

Eg fekk pakke heimant med tysko, brevkort frå John som var på kunstutstillingen i München, og brev fra frå Biesenthal. Om kvelden var det fotballkamp mellom eit norsk og eit kroatisk lag. Kroatianane vann 4-3. Eg kjøpte ferkenar.

-12-

Torsdag-Fredag

Vi dreiv med våpenutdanning. No har vi teke til med symjeundervisning kvar dag, for dei som ikkje kan symja.

Laurdag 4.sept.

Vi grov skyttergrav sør for brakka. Eg fekk brev Heimant.

Sundag 5.

Eg skreller potet. Vi fekk utdelt kantinevarer, Eg skreiv heim, til Kari, John og Jacob Dahl. Om kvelden vart det kunngjort alarmberedskap, og vi pakka alle dei viktigaste sakene våre.

Måndag 6.

Vi hadde skarpskytting. Før middag var eg i anvisergrava. Etter middag var eg med og skaut 3 skott 150 m. liggande med støde. 22 ringar. Lindvig køyrde seg åt på motorsykkel. Han skadde seg stygt i hovudet og vart køyrt til skjukehus.

Tysdag 7.

Vi vart vekke kl. 3 og måtte pakke alle sakene våre. Så marsjerte vi ut av leiren med alle våpna og hadde ein slitsam tur opp på høgdene rundt Kostajnica. Der er det eit stillingsystem som vi har fått i oppgåve å verja. Vi arbeidde heile dagen med bygging av SMG stilling, riving av ein gamal bunker, og vi tok til å grave ein ny bunker. Om kvelden prøveskaut Thunestvedt og eg MG en. Vi sov i telt og hadde vakt skiftevis om natta.

Onsdag 8.

Vi grov vidare på bunkeren og bar til byggematriell. Eg var med og henta middagsmat frå leiren og plukka ein heil del druer og plommar. Eg fekk teikna ei skisse av skytefeltet vårt. Sov i telt og hadde vakt frå 20 til 22 og frå 2 til 4. Granatkastarane og lette infanterikanonar som ligg attom oss, skaut seg inn, så no er forsvarssystemet her temmeleg godt utbygd. -Italia kapitulert overfor dei allierte.

Torsdag 9.

Vi tok til å bygga opp reisverket til bunkeren. Hadde vakt 22-24 og 4-6. Det er kaldt om natta så vi hutar og frys på vakta, og så er det steikande vakt om dagen.

Fredag 10.

Eg fekk to brev heimant der dei fortel at dei har fått Raude Kross-brev frå Birger, eit brev frå John som er ferdig med "Unterführerlehrgang" og brev frå Ridi Pinner. Vi kom så langt med bunkeren at vi fikk lagt på takstein. Eg var med Skylstad på ein "Spähtrupp".

Laurdag 11.

Vi låg i nybunkeren i natt for første gong. Kl. 3 vart vi vekke og fekk høyra at vi skulle reisa og måtte vera marsjklare kl. 6. Vi pakka sakene og leverte over stillingane til ein avdeling rikstyskarar. Eg skreiv til John, heim og til Kari. Eg tok eit herleg bad i elva etter ikkje å ha bada på ei hel veke.

Sundag 12 sept.

Etter middag fekk eg kompanivakt. Fekk brev heimant, frå Kari og kort frå John som var i Berlin på permisjonstur heim.

Måndag 13.

Mussolini vart friidd or fangenskap av tyske fallskjermjegarar. Vi hadde apell på klede og lerty. Bada 2 gonger.

Tysdag 14.

Vi vart vekte kl 4 og tok straks eit bad i måne og stjerneskin. Etter middag reiste 1. og 2. tropp til ein landsby i nærleiken som er inntatt av partisanar. Vi i 4. tropp fekk vaktteneste. Skrei til Håkon Meldal.

Onsdag 5.

1. og 2. tropp kom att. Eg fekk brev heimant og frå Erygve Stene.

Torsdag 16.

Vi hadde skarpskyting på 150 liggande frihendig. Eg var Skrivar.

Fredag 17.

Vi hadde skarpskyting på 100 m. ståande frihendig. Eg var skrivar. Alle som skaut 30 ringar og meit fekk fri resten av føremiddagen. Eg skaut 30, men på grunn av skrivinga, fekk eg istaden fri heile ettermiddagen. Ole Sivert Welde vart likast med 34 ringar.

Laurdag 18.

Kl. 2 vart vi vekte på grunn av alarm. Så marsjerte vi med full utrustning i retning av stasjonen, og avdelingen vart utvikla i skytterrekke. Eit par hundrad meter framom stasjonen vart vi overfallt med fyr frå fiendlege MG og geværssalvar og tok full deknin i veigrøfta der kulane suste over høyuene våre. Dei framste laga låg slik til at dei fekk bruka våpna sine. Så gjekk vi stilling med SMG medan skyttartroppene trekte seg attende. Kompaniet vårt hadde ein fallen, Fritz Klatt. Utpå morgonen gjekk vi i ny stilling og så gjekk regimentet vårt til åtak mot nokre "Dorf" som var inntekne av partisanane, og dei vart jagne attende. Ved ei feilmelding kom ~~ikkje~~ gruppa vår ifrå kompaniet, og vart ikkje med på siste innsatsen. Alle kom attende til leiren til middag, og på bataljonsoppstilling gav bataljonsjefen oss tenestefri resten av dagen og i morgon. Vi fekk kantinevarer: Tobakk, sigarettar, snaps og saft.

Sundag 19.

Bada. Skreiv heim og til Kari. Var med Skylstad og "Organiserte" eit par kokekar med valnøttar.

Måndag 20.

Kl. 4 vart vi vekte ved alarm og rykka ut mot dei landsbyane det var kamp i sist laurdag. Det vart skote ein del med granatkastarar pak og LIG og vi gjekk i stilling med SMG. elles hadde vi ikkje særleg føling med partisanane som drog seg fort attende. Eg plukka ein full stålhjelm med druer. Sende ein pakke med 4 eskar tobakk til Hans Dahl, men eg fekk den att på grunn av at pakken var for tung. Eg plukka ein heil del valnøtter. Andreas Colbak kom hit og vi prata litt med han.

Tysdag 21.sept.

Om kvelden pakka vi "Sturmgepäck" og marsjerte til stasjonen med full utrustning. Der gjekk vi opp i eit pansertog og reiste til Major. Vi gjekk i stilling med våpna der.

Onsdag 22.

I natt grov vi dekkingsgrav og stod på vakt ved SMG en. Kl. 4 braut vi opp og tok oss fram nokre kilometer til ein landsby som har vore tilholdstad for partisanane og som var rømt. Der vart husa gjennom søkt, og dei husdyra som var att, vart anten slakta eller tatt med levande. Eg tok livet av ei gås og nokre høner. Gåsa tok eg med meg. Vi plukka og tok med oss ei mengd med eplat. Mange hus vart brende, så det var reine røvinga vi dreiv med. Så drog vi til ein annan landsby der det vart skote ~~ix~~ ein del med MG., granatkastarar og LIG. Der vart det og røva og brend. Det var ein sli sam tur, og 3 frå gruppa vår stupte. Da vi kom att til leiren, gjorde eg opp og steikte 2 gjess til gruppa vår. Det smaka fint.

Onsdag 23.

Vi hadde apell på kløde og lerty. General Steiner var her på vitjing. Til middag hadde vi svinesteik av slakta som vart "organisert" igår. Eg var i byen og kjøpte kantinevarer og kaker.

Fredag 24.

Hadde våpenutdanning. Etter middag fekk eg kompanivakt. Johansen og eg kote kakao, og eg kokte eit par egg som vi "organiserte" på siste turen. Eg sende ei pakke med 3 eskar tobakk til Hans Dahl.

Laurdag 25.

Hadde vakt til middag. Om kvelden var Wathne og eg i byen der vi var på "Gastiona" og kjøpte røregg med potet. Her i Kroatia får ein kjøpe mest alt det ein vil, men det er svært dyrt.

Søndag 26.

Eg skreiv heim og til Kari. Ei tid middag pakka vi sakene våre og rykka ut av leiren med full utrustning. Vi marsjerte over på sørsida av Una elva der vi overtok sikringstillingane sør og vest for Kostajnica etter 11. kompani. Vi er no i Bosnia. Om kvelden steikte eg potet og løk i kokekarlokket.

Måndag 27.

I natt hadde eg vakt frå 23 til 2 og frå 5 til 8. Surt vær og regn. Eg teikna skisse over skytefeltet vårt.

Tysdag 28.

Ausregn. I natt rann det fullt av vatn ned i bunkersen vår som berre har tre veggjar og er heilt open på ei side. Vi bygde på ein vegg så det berre vart opning for inngang.

- Onsdag 29 sept. Det regna i natt, og vatnet sila gjennom dørgløttet så det vart klisse og blautt i bunkersen. Utpå dagen vart det finver, og Schröder og eg var nede i Una og bada. Vi står på vakt 3 timar og har fri 3 timar att kvar natt, altså seks timar vakt om natta, så det er temmeleg Tussigt. Vi prøveskøyt MG. Eg fekk brev heimant.
- Torsdag 30. Solskin og finver. Vi vart vitja av Brigadeführer von Scholz. Hadde skyteøving med Mg. 5 skott 25 m. Eg hadde 3 treffarar.
- Fredag 1. okt. Etter middag hadde vi skyteøving med MG. 3 x 3 skot 25 m. Vi grov opp graver og bygde ut stillingane. Den muhammedanske delen av folket her feira Mihammeds fødselsdag. Frå vakta om natta høyrde vi song og spel nede i byen.
- Laurdag 2. Vi fekk kantinevarer: Sigarettar, sigarar, tobakk og saft. Eg var nede i Una og bada. Skreiv heim.
- Sundag 3. Eg skreiv til Jakob og Kari. Etter middag plukka eg valnøtter framom stillingane våre.
- Måndag 4. Eg fekk ein liten pakke med Sætrekjeks heimant.
- Tysdag 5. Kl. 8 drog vi frå bunkersen vår og over til dei stillingane vi var i sist. Vi fikk att den bunkersen vi bygde da. Eg fekk 2 brev heimant. 1 til Håkon Meldal og brev frå Frau Biesenthal og Kari. Kl. 11,45 idag heldt far radioandakt, men vi får diverre ikkje tal i utsendingane frå Oslo her.
- Onsdag 6. Vi dreiv og grov løpegraver, Eg skreiv til Håkon Meldal og heim.
- Torsdag 7. Vi tok til å torvtekka bunkersen.
- Fredag 8. Eg fekk brev heimant med helsing frå ein heil del potetopptakarar. John var heime på perm. Vi heldt fram med torvtekking.
- Laurdag 9. Det regna i natt og heile dagen, og det var blautt og klisset på vakta. Vi fekk 2 stykker sjokolade og to pakker tobakk. Skreiv til Kari og Frau Biesenthal.
- Sundag 10. Regnver. Vi heldt oss inne i bunkersen. Eg skreiv heim, til Ridi Pinner og Andreas Vesterhus.
- Måndag 11. Regn og husrø vaktver.
- Tysdag 12. Eg sende ein pakke med 3 eskar tobakk til Trygve Stene saman med brev.

Onsdag 13. okt.

Vi kasta med skarpe egghandgranatar for første gong. Litt betne ver. Eg vaska skjorte, lommedukar og "Drillig"-bukse. Feldkjøkkenet flutta frå leiren ned i byen.

Torsdag 14.

Heile dagen hadde eg vakt i bunkersen til gruppe Skylstad, for dei var på utrykking mot partisanane. Martinsen bygde ovn i bunke vår.

Fredag 15.

Vi var berre tre mann att i gruppa vår inatt, difor hadde vi enkeltpost. Det var første natta på over ein halv månad vi berre hadde 4 timar vakt kvar. Ellest er det alltid 6 timar. Eg skreiv brev til Reidar Nordstug.

Laurdag 16.

Idag har eg vore eit halvt år soldat. I dette halve året har eg aldri angra på at eg melde meg frivillig. -Fekk brev frå Kari og skreiv til henne.

Sundag 17.

Skreiv heim. Vi hadde våpenapell.

Måndag 18.

Vi hadde første øvingsskytinga med SMG. Kvar mann skaut 50 skott.

Tysdag 19.

Vi øvde på å gå i stilling med Smg.

Onsdag 20.

Vi hadde 2 øvingskytingar med pistol, kvar på 5 skott, 25 m. Leif Welde skaut best med 4 +4 treffar. Eg hadde 4+3, Fekk brev frå Kari, heimant og frå John som var i Berlin på tur til Graz etter endt perm.

Torsdag 21.

Før middag var eg skrivar ved pistolskyting. Etter middag hadde vi gassutdanning, avstandsdøming, målangjeving og skisseteikning.

Fredag 22.

Vi har vore mykje plaga med rotter i bunkersen, og Martinsen har skote ein heil del med pistol etter dei, men utan resultat. Idag kjøpte eg rottefelle. Vi hadde SMG øving og kasting med øvingsgranatar.

Laurdag 23.

Vi var med på ei åtakøving der vi med SMG eld undeestøtta ein støt-tropp. Vi skaut 1200 skott med SMG en vår. Eg fekk to brev frå Kari og eit frå ei gjente eg var saman med i Granser ifjor. Brynhild Holter. Eg skreiv heim.

Sundag 24.

Skreiv til Kari. Vi hadde våpenpuss heile dagen med apell etter. I natt dreiv partisanane og skaut mot stillingane våre. Det er første gong vi har merka dei her.

- Måndag 25. okt. Det var markedsdag i byen, og da eg henta middagsmaten, kjøpte eg egg, ost, løk, eplar og pærer. Om kvelden steikte eg egga som smakte prima.
- Tysdag 26. Hadde øving med SMG. Om kvelden kokte eg kakao.
- Onsdag 27. Kompaniet var rykka ut i kamp med partisanane i natt. Berre vi i "Schwere Zug" var att i stillingane, og vi måtte veksla med 2 timar vakt og ein time fri heile natta for å ha dobbeltpost. Bataljonen hadde ein fallen og flere sår.
- Torsdag 28. Fekk brev heimant, fra moster og Håkon Meldal. Skreiv til John, Erling Welde og Brynhild Holter.
- Fredag 29. Før middag var vi nede i byen og såg filmframsyning. Det var dårlege greier.
- Laurdag 30. - I natt dreiv partisanane og skaut over til stillingane våre at Kompaniet er rykka ut. Eg skreiv heim, til Kari og moster og så skreiv eg ein stubb om "Bunkersliv" til "Fellesavisa" som eg sende ~~ikk~~^{om} far.
- Sundag 31. Eg var hos fotograf og fekk fotografert meg. Skreiv til Håkon Meldal og sende ei pakke med 40 sigarettar og ei pakke røyketobakk til han. Unterscharführer Martinsen skaut ein hare. Han fekk den tillaga på kjøkkenet, og om kvelden hadde gruppa herremåltid på haresteik.
- ~~XXXXXXXX~~
- Måndag 1 nov. Hadde SMG. utdanning.
- Tysdag 2. Dette er den gledelegaste dagen eg har hatt sia eg melde meg til Regiment Norge. John kom hit, og eg traff han og fekk prata med han att etter ikkje å ha sett han på 1½ år. Det var kameratkveld for nordke i Kastajnica. Der hadde vi det trevelegt med song, musikk, sketsjar og anna. Vi fekk middagsmat, fiskekaker, og dessutan fekk kvar einskild ein boks hermetiske plommar, i boks hermetisk appel sinmarmelade, 5 stk. spisesjokolade, 3 pakkar sigarettar og ei pakke tobakk. Rett før kameratkvelen fekk eg høyra at John var kome til kompaniet vårt. Straks etter kameratkvelen som vara fra kl. 1 til 15.30, leita eg opp John, som førebels hadde fått tilhald i nabobunkersen vår. Vi gjekk ein liten tur, og så satte vi oss og prata ut om alt mogel egt. Eg åpna plommeboksen som vi åt opp og delte sjokoladen. Ja, så glad har eg ikkje vore på lenge.

-18-

Onsdag 3.nov.

Før middag teneste. Etter middag kamuflerte vi bunkersen vår. Eg skreiv heim og fortalde at John er komen hit. John var på kamera kveld etter middag, og om kvelden kom han ned i stillinga og prata med meg.

Torsdag 4.

Teneste heile dagen. I middagskvila var John her og skreiv brev heim som han la inn i mitt. Vi kamuflerte stillingen med grastor. Fekk brev heimant.

Fredag 5.

Kl. 6 tok vi til med vidare kamuflering av stillingen. Det regna og kom ei og anna snøfille. Eg skreiv brev til onkel på Henning til 70 år dagen hans 19. november.

Laurdag 6.

Vi hadde teneste heile dagen. Eg vaska "Drillingen". Om kvelden var eg ein tur til bunkersen der John er og fekk han til å skriva litt til onkel på Henning.

Sundag 7.

Hadd våpenøving før middag og våpenpuss og apell etter middag. Eg skreiv heim og til Kari. Om kvelden var eg på kino i Kostajmi

Måndag 8.

Regn og svinver. Vi fikk ovn i bunkersen. Alle nordmenne vart sam og spurd om dei ville over til Skijegerbataljonen. Lindvig som nett er komen att frå lasarett, oppmoda alle til å halda fram i regimant Norge. Han skulle overta 1. kompani att, og det skulle samansettast av berre nordmenn. Diverre var det ein heil del som ville søke seg over.

Tysdag 9.

Det seig vatn inn i bunkersen i natt, så golvet vart til leirsuppe. Vi grov løpegrava til stillingen djupare. Eg fekk brev frå Astrid Welde.

Onsdag 10.

Vi tok til å grava djupare avløpsgrøft frå bunkersen om morgone. Men så fekk vi ordre om å flutta ned i leiren att, og vi bar ned alle sakene våre og innretta oss i ei av brakkene. Begge SMG gruppene er på same rommet, og John og eg er no ilag.

Torsdag 11.

Om kvelden fekk vi ordre om å dra opp i stillingane att, og gruppe vår kom til nabobunkersen til fyrre bunkersen vår. I natt vvar første natta på over 6 veker at eg ikkje hadde vakt.

Fredag 12.

Om natta hadde eg vakt ilag med Martinsen. Dessuten var eg med på ein pendelpost under føring av John. Om dagen var vi berre 3 mann i stillingen.

- Laurdag 13.nov.
Var med på to pendelturar til til "Kompanigefechtstand" om natta. Skreiv brev heim og til Kari. Eg las ut boka "Den store hvite flokk" av P.Lykke Seheste.
- Sundag 14.
Eg fekk to brev heimant, to frå Kari, eit frå Ingebjørg Dahl og eit frå Brynhild Holter. Eg skreiv til Astrid Welde. Om morgonen fekk eg ordre om å melde meg nede i leiren for å vera med på ein "Unterführerlehrgang." Om kvelden marsjerte 12 stk. frå kompaniet vårt over på den andre sida av elva der kurset skal vera.
- Måndag 15.
Etter middag hadde vi undervisning i "Kleinspiel" i sandkasse ved Ritterkreutzträger Hauptsturmführer Voigt (Vogt) som leiðar kurset. Eg selde tobakk for 1000 Kuna og såpe for 300 Kuna, kjøpte frukt og småbrød. Var hos frisør. Ausregn.
- Tysdag 16.
Vi hadde undervisning om einskildutdanninga i lendet. Om kvelden henta eg post i leiren. Eg fekk to brev frå Kari.
- Onsdag 17.
Før middag øvde vi å gå i stilling med le MG. Etter middag nærkampskole.
- Torsdag 18.
Etter middag øvde vi med spesialvåpen. Eg var 2. skyttar i SMG-gruppa. Hauptsturmführer Voigt forfremma meg til SS-Sturmmann med verknad fra 9 nov. Dei andre i gruppa vart og forfremma.
- Fredag 19.
Før middag hadde vi føring av "Spähtrupp", etter middag "Ortskamp". Om kvelden var Wathne og eg i leiren og henta marketentervarar. Kvar mann fekk ein boks sardiner, to plater sjokolade og ein kvart boks hermetiske plommar. Eg fekk brev heimant og frå Ragnhild Holter. Var hos fotograf.
- Laurdag 20.
På avslutningsundervisning om morgonen sa Hauptsturmführer Voigt at alle kursdeltakarane skulle bli forfremma ein tenestegrad, o alle Sturmmenn og Rottenführer skulle bli Unterführeranwertere. Før middag hadde vi undervisning i kommandering. Etter middag hadde vi "Waldkampf" og vi var i skogen i 3 timar i ausregn og vart gjennomblaute ~~sannsynleg~~ og fraus som hundar. Men så gjorde det godt å få på seg turre klæde. Underførarkurset vart så avslutta.
- Sundag 21.
Før middag flutta vi attende til leiren. Ettermiddag vart gruppa vår sendt ned til Una som sikringsvakt.

-20-

Måndag 22 nov.

I natt gjekk vi streifvakt til "Kompanigefechtstand" i stappmørke og leirsuppe. Hadde teneste om dagen. John var 1. skyttar og eg 2. skyttar i same SMGen. I Middagskvilen var John og eg hos fotograf og fotograferte oss. Eg henta og bilete av meg som var ferdige. Eg kjøpte ost, eplar og pærer og valnøtter. Eg skreiv heim og til Kari. John og eg sende ei pakke med 2 kilo valnøtter heim.

Tysdag 23.

Eg hadde vakt om dagen. Der kor vi ligg no har vi både elektrisk lys og radio. Eg fekk brev heimant og ei pakke med blader frå ukjendte avsendar.

Onsdag 24.

Vi hadde skyteøving med SMG en. Eg fekk brev frå Jakob der ein heil del var overstroke og vekk-klippet. Henaa foto av John og meg

Torsdag 25.

Sende ei pakke med 60 sigarettar og ei pakke tobakk til Trygve stene. Vi pakka sakene våre.

Fredag 26.

Hadde "Panzerbekämpfung". Var med og lasta varene fra Apteilung VI på jarnvegsvogn, og fekk sardiner, marmelade, sjokolade og tobak for det. John og eg skreiv julebrev heim.

Laurdag 27.

Om kvelden fekk vi ordre om å trekke oss attende frå stillinga ved Una.

Sundag 28.

Sov i leiren i natt. Marsjerte til jarnvegsstasjonen der vi vart innlasta i ei vogn. Hadde arbeidsteneste.

Måndag 29.

V
Vi dreiv og lasta varer for bataljonen heile dagen. Skkreiv julebrev til Kari.

Tysdag 30.

Fekk brev frå Cassander Svenning og Andreas Vesterhus. Skreiv til Svennings, moster og Henning. Om kvelden reiste vi nordetter med toget fra Kostajnica. Fekk vinterutstyr: vattklær og filtsko.

Onsdag 1. des.

Vi passerte Sisak og Agram. Eg skreiv til hans og Jacob Dahl.

Tirsdag 2.

Vi reiste ut av Kroatia i natt, og var med det fri å sikra mot partisanbandane. Passerte Graz. Overalt var det kvitt av snø, og landskapet minna svært om Noreg.

Fredag 3.

I natt passerte vi Salzburg og Linz. Reiste vidare gjennom Protektoratet Böhmen-Mähren. Skreiv til Øystein Vesterhus og Petter venne

-21-
-2/-

- Launderdag 4.des. I natt passerte vi Prag og reiste vidare gjennom Dresden, Coburg og Frankfurt an Oder.
- Sundag 5. Reiste gjennom det som eingong var Polen, Passerte Poznan.
- Måndag 6. Passerte Allenstein, Insterburg og Tilsit i Ost-Preussen.
- Tysdag 7. Vi reiste gjennom Litauen, Lettland og Estland og passerte Mitau, Riga og Narva.
- Onsdag 8. I natt passerte vi grensa til Russland, og kom til en endestasjon der vi gjekk av toget. Stod på flyvakt der. Om kvelden hadde vi ei slitsam marsj på glatt føre 7-8 km. til forlegningsstaden vår i ein liten russisk landsby. Vi vart innkvartert på ein gard.
- Torsdag 9. Eg var med åg køyrde middagsmat og ein del saker frå nabolandsbyen. Skreiv heim.
- Fredag 10. Gruppa vår hadde streifvakt. Eg tok eit herlegt bad i ei god, gamaldags badstu her i landsbyen. Skreiv julekort til onkel Jakob Munkeby, Reidar Nordstug, Ingvald Kvelling, Leif Bjørkli, Eling Welde, Frau Biesenthal, ~~Karin Raitmayer~~ Leni Raitmayer, Luise Schaflitzel og Ridi Pinner. I natt var det over 20 kuldegrader her. Det er og litt snø.
- Laurdag 11. Vi hadde litt eksis og våpenpuss. Eg fekk i oppdrag å teikna ei kartskiss av denne landsbyen, Walja. Skreiv brev til Andreas Vesterhus og Håkon Meldal. Om kvelden var det dans i huset her, og eg danse ei vals med ei russisk jente.
- Sundag 12. Eg hadde vakt ilag med John. Skreiv heim og til Kari. Martinsen og Heisholt køyrde til "Abteilung IV" og henta varer i høve fødselsdagane våre. Eg fekk ein boks hermetiske plommer, 30 platar sjokolade og 50 sigarettar. På grunn av at vi snart skal reisa, feira eg dagen og åpna plommeboksen om kvelden. John var og tilstades. Vi spela mil utetter kvelden.
- Måndag 13. Eg fyra opp i badstuga og tok eit herlegt bad etter middag. Så gjekk Trulsen og eg til nabolandsbyen og kjøpte melk. Vi fekk tre kokekar fulle og drakk dessutan det vi ville ha. Vi fekk kantinevarer: Torskerogn og seikaker. Vi laga oss fin kveldsmat: steil seikaker med poteter og kälstuing. Martinsen åpna plommeboksen sin til dessert, og så koka vi sjokolade av melk og spisesjokolade fin fest.

Tysdag 14 des.

Vi marsjerte fra Walja kl. 7. om morgonen til Litisnow og bila derifrå over 50 km. til ein landsby som ligg nerare fronten. Der er sivilfolket evakuert, og vi ordna oss i dei tomme husa. Alle kjellarane er fulle av potet, og vi kokte potet og åt torskerogn til.

Onsdag 15.

Idag er eg 22 år. Vi flutta over i eit større hus der vi innrette oss bra. Gjekk ikring i dei ymse husa og "organiserte" ymse bruks ting som stolar, bord sener, kokekar, lampar og anna. Om kvelden kokte vi potet, steikte torskerogn og åt riktig bra. Så spanderte eg sigarettar, så det vart litt feiring av dagen idag og.

Torsdag 16.

Vi pussa og ordna på romma. Eg skreiv til Martens.

Fredag 17.

Vi tok til å grave stillingar her utom Gobolowitzy, landsbyen her. Skreiv julekort til Astrid Welde, Fekk julepakke frå lensmann Welde og kona. Det var ei bok "Siste par ut" og eit stort julelys.

Laurdag 18.

Hadde vakt. Skreiv heim og til Kari.

Sundag 19.

Vi hadde ei mils utmarsj med utrustning. Bada etterpå. Vi henta juletre som vi pynta, og dreiv ellest å pynta opp romma våre til jul.

Måndag 20.

Vi grov splintsikre graver.

Tysdag 21.

Om kvelden hadde vi øvingsskyting med SMG i myrkret. Fekk ekstra fødselsdagsgave frå kompaniet.

Onsdag og Torsdag

Hadde øvingskyting med SMG.

Julekveld fredag

24. desember.

Vi hadde vakt til middag. Etter middag vart utdelt julepakkar. Alle fekk ei stor pakke frå Reichskommissar Terboven og Frontkjemparkontoret med røyke og drikkevarer, tran, sjokolade, bøker og anna. Eg fekk tre pakkar Heimant, ei med mysost, ei med julehefte og stoppegarn, og ei med to bøker, julekaker, juleknask, flesk og sokke. Det var bataljonsoppstilling i skogen der det var tendt julegrar og tale av bataljonskommandøren. Så hadde vi oppstilling for general Steiner som snakka til oss. Deretter tok julefeiringa til i kvar gruppe. Middag kl. 18. og deretter kom juleknasket. Vi hadde juletre og fint pynta på stova med mykje lys. Det var mykje drikk og leven og alle i gruppa vår fulle. Eg var ein tur ned til John som feira jul i gruppa si. Eg las ut boka "Siste par ut."

1.juledag 25 desember.

Vi hadde full fridag.Eg las i julebøkene og skreiv heim,til Kari og til lensmann Welde.

2.juledag søndag
26.desember.

Før middag hadde vi "Panzerabwehrbrennpfand".Så vart eg uttatt til å vera med på ein tur i lende som førebuing for ein bataljonsøving.

Måndag 27.

Eg var med på ein "Schiesrichterbefundung" ute i lende.Fekk brev frå Kari og julekort frå Odin Glasø.

Tysdag 28.

Vi ei bataljonsøving som vara frå middag til kl.22 om kvelden. Skreiv brev til Odin Glasø.

Onsdag 29.

Hadde vakt.Bada i badstua.Fekk brev heimant med brev til John inni og pakke med lesestoff frå Cassander Svenning.

Torsdag 30.

Vaska klær.

Fredag 31.des.
Nyårskveld

Fekk brev heimant og frå Erling Welde og julekort frå Astrid Welde.,Adolf Holder og Odd Siem.Det vart utdelt pakkar med røyke og drikkevarer,sjokolade.Eg fekk pakke frå ukjendt med ei bok. Om kvelden vart det ete,drukke og festa.John var her ein tur. Kl. 24. tok dei til å saluttera for det nye året.Det vart skote med lyspistolar,M.P.Mg.,gevær,kasta handgranatar og "Knallkörper".Det var eit flott fyrverkeri og ein fin salutt. Når dette året går ut er det framleis krig mellom Tyskland,Japan med forbundne statar på den eine sida og Ehgland,Amerika og Russ land på den andre.

1944.

1.nyårsdag
laurdag 1.jan.

Vi hadde full fridag.Eg skreiv heim,til Kari,Cass.Svenning og Erling Welde og brevkort til Astrid Welde,Odd Seem og Adolf Holder.

Sundag 2.

Eg sende ei pakke heim til Anna og Marie med 3 stk. toalettsåpe, 2 eskar sardinar og 4 platar sjokolade og ein pakke til onkel på Henning med 2 eskar tobakk og 130 sigarettar.

Måndag 3.

Eg sende ei pakke til Hans Dahl med 2 eskar tobakk og 100sigarettar.Vi hadde skyteøving.Fekk julebrev heimant og frå tante Brynhild.

Tysdag 4.jan.

Vi hadde vakt.

Onsdag 5.

Vi fekk utlevert skiutstyr: Ski, stavar og store oversko med trebotn.

Torsdag 6.

Før middag pakka vi alle sakene våre og lessa dei på bilane. Så køyrde vi i snøfokk og uføre til ein landsby nærare hovudvegen. Men da vi vel var framkomne og hadde innretta oss i dei nye husa så fekk vi ordre om å køyra attende til ~~Gahakowitzky~~ Golubowitzky. Vi helldt på halve natta før vi kom fram, for vi måtte rett som det var måka snø og skuva bilar som sette seg fast. Det var ein hustrü tur.

Fredag 7. jan.

Vi gjekk på ski. Eg fekk brev frå Jakob og Kari og julekort frå Øyvind Stamnes. Vi bada i badstua.

Laurdag 8.

Eg fekk pakke heimant med fine vottar, hosor og øyrevarmarar og kort frå Ridi Pinner.

Sundag 9.

Eg skreiv brev heim, til Kari og tante Brynhild og kort til Øyvin Stamnes. Etter middag fekk eg jobb som "U.v.D.", "daghavende".

Måndag 10.

I natt var det alarmberedskap, og som U.v.D. måtte eg renna ikrin med ordrar mest heile natta. Fekk brev og kort heimant og julekor frå Birger Wist, Einar Størvold og Åsta Bardal.

Tysdag 11.

Var ute med ski og kjelkar heile dagen og med på "Spåtrupp" om kvelden.

Onsdag 12.

Hadde åtakøving i skogen med ski og utrustning på kjelkar.

Olav Landskud fælt 19/-44 (1 årh sinne).

gearlagt i GOLOBOWITZY

Kennil Hæverstad 4/8-1993.